

PURIST



Foto: Bård Asle Nordbø / Statens vegvesen

PURIST – Samkøring i kombinasjon med kollektivtransport i rurale område

Miljøløftet er ein av fleire samarbeidspartnarar som deltek i forskingsprosjektet PURIST, som vert leia av Transportøkonomisk institutt. Målet med prosjektet er å få kunnskap om verknadene av offentleg finansiert samkøring i distrikta på bilbruk, reisevanar, tilgjenge og inkludering, kva som hindrar eller fremjar bruk av samkøring, og korleis ein kan stimulere til ei mest mogleg kostnadseffektiv oppskalering av samkøring.

Det å leggje til rette for auka samkøring, til dømes gjennom app-baserte samkøringstenester eller eit tilbod om delt bestillingstransport, har stort potensial for å forbetre transportsystemet i distrikta, der det ordinære linjebaserte kollektivtilbodet er avgrensa og ofte lite kostnadseffektivt. I tillegg til å redusere talet på bilar på vegane gjennom høgare køyretøybelegg, kan samkøring òg bidra til både eit meir inkluderande og økonomisk berekraftig transportsystem.

I prosjektet vert tre ulike og nyskapande forretningsmodellar for samkøring studerte, og desse vert pilottesta i tre ulike regionar i Noreg (Vestlandet, Trøndelag og Agder). Desse løysingane skil seg frå tidlegare samkøringsløysingar på to måtar: dei er offentleg subsidierte, og dei rettar seg mot meir spreiddbygde område.